



Haugaland brann og redning iks

Saksframlegg

Saksbehandler:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	repr 23/014	Dato:	13.10.2023

Behandlingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks	23.08.2023	drøfting
Styret for Haugaland brann og redning iks	11.10.2023	tilråding
Representantskapet for Haugaland brann og redning iks	10.11.2022	vedtak

Budsjett for 2024 med økonomiplan for 2024 - 2027

HANDSAMING:

Brannsjefens utkast til vedtak

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner drift- og investeringsbudsjettet som framlagt med ei ramme på kr 89 860 358,-.

Sjølvkostområdet (feiing og tilsyn) har ein kostnad på kr 14 363 841,-.

Driftsbudsjett og fellesinvesteringar skal fordelast etter gjeldande fordelingsnøkkel. Etterslepsutgifter for investeringar vert lagt til dei eigarkommunane kor etterslepet høyrer til.

Dette gir ein kostnadsfordeling per eigarkommune:

	Fordeling	Herav "etterslep" lån	Kostnad -24	%-fordeling
Refusjon Bokn	-2 053 105	206 047	-1 847 058	2,25 %
Refusjon Karmøy	-54 588 315	-	-54 588 315	59,89 %
Refusjon Sveio	-7 410 117	218 534	-7 191 583	8,13 %
Refusjon Tysvær	-14 521 787	268 485	-14 253 302	15,93 %
Refusjon Vindafjord	-12 055 155	462 044	-11 593 111	13,23 %
Refusjon Utsira	-518 110	131 121	-386 989	0,57 %
Sum	-91 146 589	1 286 231	-89 860 358	100 %

Fakturering for feie- og tilsynsavgift til kommunane for budsjettår 2024 vert:

	Fordeling	Feiing fritidsbustadar
Refusjon Bokn	177 237	-
Refusjon Karmøy	8 023 244	222 585
Refusjon Sveio	1 219 930	148 390
Refusjon Tysvær	1 947 084	370 975
Refusjon Utsira	41 643	-
Refusjon Vindafjord	1 951 355	370 975
Sum	13 360 493	1 112 925
Sum		14 473 418

Innbetaling av tilskot skjer med $\frac{3}{4}$ per 5.1.2024 og $\frac{1}{4}$ per 3.7.2024.

2. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks ber eigarkommunane ta over sine plikter for investeringar som høyrer til etterslep innan 15.12.2023.
3. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks godkjenner økonomi- og handlingsplan 2024-2027 slik den er lagt fram.

Sakshandsaming i styret 23.08.2023

Saka må sjåast i samanheng med sakene 23/039-23/042. Budsjettet vert handsama i to rundar for på denne måten å samkøyre selskapet sin budsjettprosess med den kommunale prosessen.

Dagleg leiar la fram saka med dei føringar som er lagt til grunn. Følgjande er påpeika og vert justert fram til 1. gong handsaming:

1. I brannsjefen sitt framlegg til vedtak er refusjonskostnad for feiing/tilsyn i Utsira og Vindafjord bytta plass (er retta med blå skrift over).
2. Fram til 2. gong handsaming må økonomiplan for 2025-2027 ha ein korrekt plassering av kostnader for dei ulike kontoane.
3. I økonomi- og handlingsplan vert tekst i tabell for området avsetningar (side 12) endra frå «Bruk av disposisjonsfond» til «Bruk/avsetning til ubundne fond/disp. fond».
4. I budsjettdokumentet side 4 vert det presisert at dette er vakante stillingar (oransje boksar).

Endeleg vedtak i saka vert gjort i styremøte 11.10.2023.

Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber brannsjefen om å legge fram eit endeleg utkast til budsjett 2024 med tilhøyrande økonomi- og handlingsplan til styremøte 11.10.2023.

Brannsjefens tilråding 11.10.2023

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner drift- og investeringsbudsjettet som framlagt med ei ramme på kr 89 851 372,-.

Sjølvkostområdet (feiing og tilsyn) har ein kostnad på kr 14 478 33,-.

Driftsbudsjett og fellesinvesteringar skal fordelast etter gjeldande fordelingsnøkkel. Ettersleputgifter for investeringar vert lagt til dei eigarkommunane kor etterslepet høyrer til.

Dette gir ein kostnadsfordeling per eigarkommune:

	Fordeling	%-fordeling	"Etterslep" lån	Samla kostnad
Refusjon Bokn	1 887 068	2,10 %	206 047	2 093 115
Refusjon Karmøy	54 680 028	60,85 %	-	54 680 028
Refusjon Sveio	7 089 982	7,89 %	218 534	7 308 516
Refusjon Tysvær	14 206 923	15,81 %	268 485	14 475 408
Refusjon Vindafjord	11 618 944	12,93 %	462 044	12 080 988
Refusjon Utsira	368 427	0,41 %	131 121	499 548
Sum	89 851 372	100 %	1 286 231	91 137 603

Fakturering for feie- og tilsynsavgift til kommunane for budsjettår 2024 vert:

	Fordeling	Feiing fritidsbustadar
Refusjon Bokn	177 237	-
Refusjon Karmøy	8 023 244	222 585
Refusjon Sveio	1 219 930	148 390
Refusjon Tysvær	1 947 084	370 975
Refusjon Utsira	41 643	-
Refusjon Vindafjord	1 951 355	370 975
Sum	13 360 493	1 112 925
Sum		14 473 418

Innbetaling av tilskot skjer med $\frac{3}{4}$ per 5.1.2024 og $\frac{1}{4}$ per 3.7.2024.

2. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks ber eigarkommunane ta over sine plikter for investeringar som høyrer til etterslep innan 15.12.2023.
3. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks godkjenner økonomi- og handlingsplan 2024-2027 slik den er lagt fram.

Sakshandsaming i styret 11.10.2023

Det er gjort nokre korrekturar i budsjettdokument samt økonomi- og handlingsplan. Mindre korrekturar vert ikkje ytterlegare kommentert under sakshandsaminga.

Endringar:

- I saksframlegget er det skrive at husleige er i snitt auka med 14 %. Dette vert endra til at kvar ein skild eigar har auka husleiga for selskapet frå 0 til 18 %.
- Det er i økonomiplan, kapittel 6.2, redusert kostnad for overtid med 3'' i planperioden 2025-2027 som følgje av kaserering. Eksakte tal er ikkje tilgjengeleg per no, men estimatet bygger på tal utrykningar knytt til stasjonar som skal erstattast som medfører innsparingar. Det må også leggest til innkallingsmannskap på større hendingar. Erfaringstal vil hentast inn frå samanliknbare brann- og redningsvesen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Styret si tilråding 11.10.2023

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner drift- og investeringsbudsjettet som framlagt med ei ramme på kr 89 851 372,-.

Sjølvkostområdet (feiing og tilsyn) har ein kostnad på kr 14 478 33,-.

Driftsbudsjett og fellesinvesteringar skal fordelast etter gjeldande fordelingsnøkkel. Etterslepsutgifter for investeringar vert lagt til dei eigarkommunane kor etterslepet høyrer til.

Dette gir ein kostnadsfordeling per eigarkommune:

	Fordeling	%-fordeling	"Etterslep" lån	Samla kostnad
Refusjon Bokn	1 887 068	2,10 %	206 047	2 093 115
Refusjon Karmøy	54 680 028	60,85 %	-	54 680 028
Refusjon Sveio	7 089 982	7,89 %	218 534	7 308 516
Refusjon Tysvær	14 206 923	15,81 %	268 485	14 475 408
Refusjon Vindafjord	11 618 944	12,93 %	462 044	12 080 988
Refusjon Utsira	368 427	0,41 %	131 121	499 548
Sum	89 851 372	100 %	1 286 231	91 137 603

Fakturering for feie- og tilsynsavgift til kommunane for budsjettår 2024 vert:

	Fordeling	Feiing fritidsbustadar
Refusjon Bokn	177 237	-
Refusjon Karmøy	8 023 244	222 585
Refusjon Sveio	1 219 930	148 390
Refusjon Tysvær	1 947 084	370 975
Refusjon Utsira	41 643	-
Refusjon Vindafjord	1 951 355	370 975
Sum	13 360 493	1 112 925
Sum		14 473 418

Innbetaling av tilskot skjer med $\frac{3}{4}$ per 5.1.2024 og $\frac{1}{4}$ per 3.7.2024.

2. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks ber eigarkommunane ta over sine plikter for investeringar som høyrer til etterslep innan 15.12.2023.
3. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks godkjenner økonomi- og handlingsplan 2024-2027 slik den er lagt fram.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Det vert vist til eigarmøte 16.09.2022 og harmoniseringsnøkkel vert lagt til grunn for budsjett 2024.

Budsjett 2024 med tilhøyrande økonomi- og handlingsplan legg vedtak i representantskapet 5. mai 2023 til grunn; 23/005 – revidert økonomi- og handlingsplan 2023-2026.

Budsjettet er rammestyrtder ramma er tilført forventa deflator (4,5 %) og deretter ein generell reduksjon som synergiforventningar (1 %).

Innanfor ramma er det gjort større justeringar på kvar einskilt område for at budsjettet skal gjenspeile dei faktiske forhold/kostnader.

Det er ikkje lagt opp til investeringar i økonomiplanperioden i påvente av avklaringar rundt låneramme og eigarsamansetning.

Endringar i budsjettframlegg etter første handsaming i styret 23.08.2023 er:

- Leasing av bil for brannførebyggjarar (feiarar) aukar frå 65 000 til 105 000 per år (prisvekst i markedet).
- Statens sitt abonnement på nødnett aukar med kr 1 100 000 i 2024 (1,2 % av totalramma for HBR).
- Webarkiv er lagt til for adm/ikt; 381 350.
- Det vert redusert antall timar for oppdekking av sukefråver med 472 256 basert på erfaringstal -23.
- Det vert sett av 200 000 frå bundne fond for å innrede nye bilar for brannførebyggjarar.
- Det vert etablert eit mål om å ha ein inntekt på 559 054 for kompetansesenter.
- Ny leigekostnad for hovudbrannstasjon er lagt inn i økonomiplan frå 2025.
- Revidert selskapsavtale er vedteke i Sveio kommune og fordelingsnøkkel frå denne vert lagt til grunn.

Budsjettet legg opp til at eigarane tek ansvar for eigne lån som vert tilskrive etterslepet (investeringar som kommunane skulle gjennomført før oppstart av selskapet). Årsak er at selskapet si låneramme er i stor grad brukt til lån som høyrer til kommunane. Etterslepet for 2024 tilsvarar kr 1 286 231,-.

Ytterlegare saksopplysningar for budsjett 2024 og økonomi- og handlingsplan 2024-2027 er å finne i vedlegg 1, økonomi- og handlingsplan 2024-2027.

VURDERINGAR:

Vurderingar er gjort i økonomi- og handlingsplan 2024-2027. Nokre viktige vurderingar er likevel teke med i sjølve saka. Dette er:

Rammestyring:

Ved bruk av rammestyring som i dag har ein forventning om:

- a. Eksterne forhold som gjev auka kostnader skal dekkast inn av selskapet.

- b. Selskapet skal dekke 70 % av husleiga for brannstasjonane.
- c. Det skal vera eit årleg nedtrekk på 1 %.

Ser me dette opp mot gjeldande selskapsavtale og det handlingsrom som selskapet har innanfor sine kostnader, er rammestyringa ikkje mogleg å innfri utan å redusere beredskapsnivået for selskapet.

I 2022 vart redusert ramme løyst med å ha eit meirforbruk som vart dekka gjennom driftsfond.

I 2023 har selskapet redusert sin aktivitet til eit minimum og forskyving av oppgåver til seinare år.

Deflator:

Følgjande deflator er det budsjettert med versus faktisk deflator:

År	Offentleg deflator	Budsjettert deflator
2021	4,3	2,0
2022	6,7	2,5
2023	5,3 (anslag)	3,4
Diff.	8,4 %	
Rammestyring	3,0 %	
Sum	11,4 %	

Tilleggsmoment er at selskapet har eit budsjett som er ± 80 % løn. Offentleg deflator vil for HBR kompensere mindre enn det som er reell kostnadsauke.

Gjennomførte tiltak:

For å innfri forventningane for rammestyring er det gjort følgjande tiltak utført:

- a. Det er halde attende stillingar (vakanse) sett opp mot vedtatt organisasjonskart:
 - Leiar økonomi
 - HMS-koordinator
 - Informasjonskoordinator
 - Teknikar 50 %
 - Områdeleiar beredskap
 - Områdeleiar brannførebygger
 - Branningeniør 100 %

Det er ein forventning til reduksjon som ein konsekvens av uttrede for Etne og Suldal, men då ut frå kommunane sine dimensjoneringskriterier som er langt mindre enn reell reduksjon (10 %).

- b. Det er ikkje gjennomført kurs i 2023 (utover det som vart planlagt/påbegynt i 2022). Dette medfører at etterslep på lovpålagt opplæring aukar der selskapet har mange avvik på gjeldande kompetansekrav.

Det er avgjerande å understreke at kurs **ikkje** er å sjå på som ein "fordel" for den einskilde tilsette, men snarare som eit **nødvendig** tiltak i etter til brann- og eksplosjonsvernlova for å sikre **tilstrekkeleg** høg standard for helse, miljø og sikkerheit (HMS) i arbeidet. Kursa vil derfor utgjera ein kontinuerleg driftskostnad.

- c. Det er arbeida med å redusere overtid for fast tilsette der prognose tilseier ein reduksjon på ± 30 %. Dette vil medføre mindre aktivitet overfor deltidsmannskap/-stasjonar ettersom møter, kurs og øvingar skjer på ettermiddag/kveld, og det medfører redusert kvalitet på kompetansehevande tiltak. Vidare er ein konsekvens mindre kontakt mellom heiltids- og deltidstilsette.
- d. Det er redusert drift gjennom ein rekke tiltak, mellom anna:
 - Tilsette sin julelunsj er kansellert.
 - Arrangementet «Open brannstasjon» er kansellert og mange besøk i organisasjonar, skular og barnehagar er avvist, då spesielt med Bjørniskonseptet.
 - Kjøp av utgått utstyr er satt på vent, noko som medfører redusert tenestetilbod på nokon stasjonar. Nytt utstyr vert ikkje kjøpt inn (eksempelvis sikringsutstyr for arbeid i høgda).

- Redusert vedlikehald og service på utstyr.
 - Det vert ikkje servering på møter med tilsette eller på øvingar, sjølv om dei kjem direkte frå heiltidsjobb.
 - Redusert areal i Diktervegen for å redusere leige. Fleire tilsette må ha kontor utan dagslys/vindauge.
 - Det er færre nettverkssamlingar for leiinga.
- e. Det er avhenda køyretøy som ikkje er absolutt nødvendig for drifta og dermed reduserer kostnad for drift. Dette er mellom anna reserve mannskapsbilar og køyreskulebil. Det er redusert med eit køyretøy på førebyggjande som medfører redusert aktivitet.
- Køyretøy som er økonomisk gunstig å byta med tanke på restverdi vert ikkje gjort. Dette medfører auka kostnad ved seinare skifte (avgiftsfrie køyretøy i beredskap).
- f. Det er inngått avtale med Suldal kommune om sal av teneste innan brannførebygging. Dette er midlertidig/fram til 31.12.2024.
- g. Det er reforhandla ulike avtalar som medfører mindre kostnader (BHT og forsikringar).

Moglege tiltak:

Det er mogleg å redusere kostnad for selskapet, men ikkje innanfor stordriftsfordelar og effektivisering av drift. Til dette er handlingsrommet for snevert:

Løn: 83 637 762
 Drift: 28 557 176
 Inntekt¹: - 7 970 740

Med eksisterande selskapsavtale og krav sett i lov og forskrift samt beredskapsanalyse, er fordelinga:

Låst kostnad
Moglege tiltak (effektivisering)
Tiltak utover krav

Løn:




Variabel løn: I hovudsak vikariat for vakter ved sjukdom eller anna fråvær.

Anna løn: Møtegodtgjering, honorar m.m.

¹ Minus kommunale overføringar + feieinntekter

Drift:



Kompetanse: Lovpålagt teneste og må på eit tidspunkt gjennomførast.

Drift beredskap: Handlingsrommet er reduksjon av teneste/beredskap.

Inntekter:



Anna inntekt: Det vert gjennomført eit internt prosjekt i 2023 for å sjå på kva moglegheiter selskapet har for å selje tenester utover det som vert gjort i dag.

Kostnadsauke:

Forutan generell prisvekst (offentleg deflator), kjem det kostnadsauke som er forventa å dekkast inn over ramma. For 2024 er følgjande kostnadar kome:

Nødnett:	1 100 000
Leasing:	50 000
ACOS:	28 000
Webarkiv:	353 350
<u>Sum</u>	<u>1 531 350</u>

Vidare har nokre store utgiftspostar langt høgare kostnadsauke enn det som deflator legg opp til. Husleige er ein av desse der auka frå 2022 til 2023 var for dei ulike eigarane mellom 0 og 18 %. Ettersom husleige vert fakturert etterskotsvis samt at det ikkje er svara ut kva kostnad som selskapet skal legge inn i sitt budsjett, er me ikkje kjent med denne auka for 2024.

OPPSUMMERT:

Det er krevande å innfri eigarane sine forventningar til innsparing som følge av samarbeid, men det vert arbeid med tenesteleveranse kvar dag med utgangspunkt i dei føringar som er gitt; eit kostnadseffektivt og nøkternt brann- og redningsvesen.

Det er viktig å få fram at intensjonen med selskapet står seg:

Samarbeid medfører ei fagleg betre teneste til ein lågare pris enn det som vil vera tilfelle om kvar einskild kommune skal gjennomføre krav etter brann- og eksplosjonsvernlova åleine.

Auke i kostnadar kjem som ein konsekvens av dei krav som er regulert i lov og forskrift, og ikkje som eit resultat av å etablere eit interkommunalt selskap. Eit interkommunalt selskap vil redusere dei samla kostnadane for eigarane gjennom effektivisering og stordriftsfordelar.

Haugesund 04.10.2024

Dag Botnen
brannsjef

Vedlegg: 1 – Økonomi- og handlingsplan 2024-2027 - Haugaland brann og redning iks